


FORTELJINGA OM EIT GLØYMD TÅRN







Trafokiosken

Klatrehytta

Aleine på ein fjelltopp på Stord står to bygg.

Dei stammar frå det same anlegget,  
bygga for over femti år sidan.  
Dei vart oveflødige og stod tomme lenge.  
Hytta har fått merksemd og besøk,  
men betongtårnet slutta å vere trafokiosk  
og mista sin verdi.

Rot, rust, fukt og mørke pregar betongtårnet,  
som ein gong var viktig.  
Vèret har herja år etter år.

Her må noko gjerast,  
kan tårnet få ny verdi?






## GLØYMDE BYGG

Me lever i ei tid der alt skal effektiviserast og fornyast. Nokre bygg klarar ikkje følgje med i den raske utviklinga og vert overflødige og gløymd. Mange av desse bygga kan vise til ei anna tid, ei tid når menneske hadde andre verdiar. Dei kan ha kvalitetar som ikkje kan konstruerast av menneske. Kvalitetar som berre kan oppstå over tid, I bruk, ver og vind.

Dei gløymde bygga symboliserer framskritt og tempo, men har sjølv vorte stille og gløymde. Dei har hatt to liv; eit aktivt og eitt ventande.

Eg vil argumentere for at menneske treng robuste, pålitelege bygg som ikkje forsvinn når markedet endrar seg. Stader som ikkje skal vere lønnsame men gje noko til lokalsamfunnet, vere samlande og gledande.

Tårnet har lenge vore truga av riving og grunnen til at det ikkje har skjedd er den høge kostnaden og mangel på gjennomføringsevne. No skal det reddast og kvalitetane gjenopplivast,



## PROSJEKTET

Prosjektet handlar om transformasjon av tårnet til pausebu/utsiktshytte. Eg har undersøkt, planlagt, prosjektert og delvis gjennomført ombygginga. Neste byggeperiode vil bli i juni/juli og eg håpar å ha bygget ferdig for opning i august 2014. Eg har gjennomført prosjektet så langt i tett samarbeid med eigaren av tårnet, SKL (kraftlaget i kommunen) og Stord-Fitjar Turlag som representantar for brukarane.

## OPPGÅVA

Diplomoppgåva fokuserer i hovudsak på prosessen i eit reelt prosjekt og korleig eg som arkitektstudent har fått det gjennomført. Eg har dokumentert dei ulike stega i prosessen frå ide til moglegheitsstudie, samarbeid med brukarane, budsjett til kunden og søknadar til myndigheitene.

I løpet av det siste semesteret har eg designa/prosjektert transformasjonen, planlagt og gjennomført bygging og reflektert over heile prosjektet i eit konkluderande erfaringshefte.

# BAKGRUNN

HISTORIE OG FORARBEID

1957

ANLEGGET OG  
TÅRNET VERT  
BYGGA

1967

ANLEGGET VERT  
LAGT NED OG  
GLØYMD

1996

KLATREHYTTA  
FÅR NYTT LIV

TÅRNET  
VERT  
GLØYMD

2006

TÅRNET VERT  
TRUGA AV  
RIVING

TÅRNET  
VERT  
GLØYMD

2013


TÅRNET VERT  
GJENOPPDAGA

BEFARING OPPMÅLING  
SØKNADAR BUDSJETT


JA FRÅ KRAFTLAGET  
JA FRÅ KOMMUNEN  
JA FRÅ TURLAGET

REDNING!

FORARBEID!








## STORD OG FJELLET

Øya Stord ligg mellom Bergen og Stavanger på vestlandet. Her er det aldri langt frå fjell til fjord og du har alltid eit glimt av havet. Fjellet er høgt elska av mange og vert brukt året rundt. Vestlandet er kjent for regn og vind og serleg på fjellet er det store påkjenningar frå kreftene frå Nordsjøen.

Det er lett å bruke fjellet, det har merka løyper og mange parkeringsplassar. Dei siste åra har det vore fleire nestenulykker på fjellet der folk har fått problem på grunn av dårleg ver. Veret kan slå om fort og fordi fjellet er lett tilgjengeleg er det stadig fare for at uerfarne tek turen til feil tid.





## STOVEGOLVET

### TERRENGET

Ulendt, bart, lite vegetasjon. Mose og gras der det kan samle seg vatn, elles forblåst. Få ressursar, ingen straum eller reint drikkevatt.

### VERFORHOLD

Mykje ver og vind året rundt. Mest vind frå nord-vest og sør-aust. Tårnet ligg litt skjerma for vinden frå vest. Sol på tårnet mesteparten av dagen. Snø om vinteren.

### UTSIKT


Tårnet har utsikt mot nord, aust og sør. Mykje av Kvinnherad og Hardangerfjorden er synleg, i tillegg til store delar av Stord.

### TUREN

Det er merka to løyper til Stovegolvet der det er mogleg å gå ei rundløype opp den eine og ned den andre. Når anlegget var i bruk blei ei kortare, brattare løype på framsida av fjellet brukt.



SITUASJONSSNITT  
gjennom Stovegolvet  
mot nord  
1:500



UTSIKT mot Bømlo  
og Nordsjøen

KLATREHYTTA

TÅRNET

UTSIKT mot Kvinnherad og Hardangerfjorden





I dårleg ver er det ekstra spennande å vere på fjellet. Og snart kan alle varme seg i eit splitter nytt gammalt utsiktstårn!



Når skyene lettar og sola kjem fram igjen vert det ekstra verdsatt på vestlandet. Og det er aldri så vakkert i fjellet som rett etter eit ordentleg uver!



# PROSJEKTERING

JANUAR-MARS



## BLI KJENT MED SITUASJONEN

Turar til Stovegolvet med andre turgåarar, ingeniørar og medlem i klatreklubben for å diskutere moglegheiter og utfordringar.

Overnatting ei januarnatt for å utfordre meg sjølv. Tårnet



## UNDERSØKE I MODELL

Mykje av konstruksjonsstudia har skjedd i modellar i 1:20, 1:10 og 1:1, Fleire konstruksjonsprinsipp, materiale og ulike skalaar har bidrege med ulik innsikt og forståelse.




## UTFORSKE I ROMLAB

For å få ordentleg grep på dimensjonane og rommet var det nyttig å bygge heile tårnet i romlaben. Då såg eg kor mykje plass som trongs og kor behageleg det var å bevege seg rundt.




## PROGRAM- OG FORMUTVIKLING


|



EI VARM HULE  
som kan varmast opp fort  
for korte besøk på kalde  
dagar







SONER FOR ULIKE BEHOV  
anten du vil kikke,  
sitte, spise, varme deg  
eller sove




Ei sone med heile høg-  
da til tårnet, ei lun,  
intim hole og ein lys,  
luftig andreetasje som  
gjer det meste ut av  
utsikta på tomta




TAR VARE PÅ OG BRUKER eksisterande innerveggar og stålbjelkar. Tårnet får vere viktig for korleis det nye skal sjå ut.



INN I HULA for å varme seg




OPP I LYSET for å sjå på utsikta



UTFORSKE BYGGET og finne favoritt-plassen




PLAN  
1.etg  
1:25





PLAN  
2.etg  
1:25









## KONSEPT

Tårnet vert delt inn i tre soner ut frå program og eit ønske om ulike opplevingar.




HØGT / SMALT

Det første som møter deg er ei skittensone med inngang, trapp og ved. Her har rommet si fulle høgd og tårnet sin vertikalitet er framheva. Herfrå ser du eit glimt av lys og vert leda inn i hula.



LUNT / BESKYTTA

Dette rommet kan lukkast og varmast opp ved hjelp av ein vedovn. Her sit du inntill tre og ser ut av 50 år gamle opningar.



LYST / LUFTIG


Dersom du heller vil sitte i lyse, luftigare omgjevnader kan du gå opp. Her vert den unike utsikta utnytta til det fulle og betongveggane kjem godt fram.

## SNITT A-A' 1:25







# SNITT B-B' 1:25



DETALJANE rundt vindauga er viktige for å unngå fuktproblem. Ein dryppkant i overkant fører vatn vekk frå opninga. Ein skråkutta beslagskant i underkant av lyso-pninga kom på plass før me sette inn vindaug.



GOLVBORDA i andreetasje har slisser i lengderetninga der dei kan overlappa kvarandre. Plankane kan utvide seg og trekke seg saman og støv og rusk vil ikkje dette ned på dei som sit i hula.



VEDVEGGEN har ei viktig rolle i tårnet. Den fungerer som søyler for bjelkane i etasjeskillet, bærer trappa og lukker det varme rommet.


Ved å lagre ved mellom spilene får ein god utnytting av plassen og eit dekorativt førsteintrykk når ein kjem inn i bygget. Mellom vedkubbane kan du glimte lyset frå det store vindauget på motsett side.

Plexiglas mellom spilane sørger for at rommet kan varmast opp sjølv når det er lite ved.





FASADE  
Sør-aust  
1:50



For å bevare tårnet si framtoning i landskapet vil det ikkje bli bygga mykje utandørs. Ein platting som følger terrenget og ein benk på austsida er det einaste nye som ligg rundt tårnet.

FASADE  
nord-aust  
1:50



Dei nye vindauga i andreetasje skal tilby utsikt og lys og er eit stadsbestemt grep. Plassering og storleik på vindauga er mykje bestemt av kva bygget kunne tole i tillegg til dei ulike utsiktsretningane.



# BYGGING

MARS - APRIL

30. april  
FØRSTE  
ARBEIDSDAG

APRIL

HELIKOPTERDAG

LYSOPNINGAR  
FERDIG

VINDAUGE SATT INN

GOLVSTØYPING

TILBAKE I TRONDHEIM

UTFØRING

UTFORSKING





## INFORMERE OG FORKLARE

Mykje tid gjekk med til å forklare arkitekturen og konseptet til dei som skulle vere meg. Eg var opptatt av at dei skulle forstå kva dei gjorde, kvifor det var gjort slik og opna for at dei kunne kome med forslag. Om dei veit meir vil dei verte meir engasjerte og knytt til prosjektet.



## LEDE DUGNADSGJENGEN

Å få nok folk til å stille kvar dag, å sette saman arbeidgrupper, å delegere og motivere. Eg personleg brukte tida på byggeplassen til mykje anna enn bygging.



## BYGGING OG DETALJAR

På staden fekk eg betre forståing for korleis ting burde byggast, kva som var praktisk eller for komplisert. Det er viktig å detaljere på ein måte som gjer at det anten er umogleg å gjere feil eller at det vil sjå bra ut sjølv om det vert litt unøyaktig. Då kan dugnadsarbeidarane halde på litt på eiga hand, få meir tillit og jobbe effektivt.



## NOKRE LÆRDOMMAR FRÅ BYGGEPLASSEN

### PLANLEGG!

Tenk gjennom så mykje du klarar på forhånd. Detaljar er viktige og binder det heile saman og jo meir du har tenkt på på forhånd jo mindre vert gløymd på staden.

### VER FLEKSIBEL

Planlegg så mykje som mogleg, men ver fleksibel og mottakeleg for nye forslag. Ver klar over din eigen kompetanse og husk at det er mykje du ikkje kan.

### HA SJØLVTILLIT

Husk at du faktisk har nærmare fem års utdanning i faget ditt. Du er kanskje den einaste involverte som har arkitektfagleg kompetanse, og du har best forutsetning for å sjå heile samanhengen i prosjektet.

Ha trua på faget ditt og husk kva du som arkitekt bidrar med!

### BEGYNN Å BYGGE!

Uansett kor mykje du har planlagt og uansett kor nøyaktig du har målt opp kan det vere vanskeleg å byrje å bygge. Det kjennes så endeleg og stort. Husk at det er betre å gjere feil enn å gjere ingenting.

### IKKJE TRU AT DU SKAL BYGGE

Byggeperioden bestod i mykje anna enn bygging for min del. Eg planla, tilrettela, delegerte, passa på, svarte på spørsmål, motiverte, sikra, dokumenterte og observerte. Og bygga litt.

### BLI GLAD I ROT

Rot betyr at mykje arbeid har blitt gjort, mykje verktøy er blitt brukt og mykje folk har vore med og rota i systemet ditt. Rot er framgong og flyt!





## KOMMUNIKASJON PÅ BYGGEPLASSEN

Sidan dei som var med i dugnadsgjengen ikkje har arkitektfagleg kompetanse eller nødvendigvis har vore med å bygge så mykje var skissa eit nyttig hjelpemiddel.


Små romlege teikningar viste godt korleis ting hang saman og var forståelege for dei fleste. På den måten visste eg at me forstod kvarandre.



## BESLUTNINGAR PÅ STADEN

Å vere på byggeplassen vil gje deg ny innsikt i romlege forhold, materialitet og kva som er praktisk mogleg å bygge. Detaljar vert viktigare, problem tydelegare.

Å vere på tomte og i bygget er noko heilt anna enn å sitte ved teiknebordt og det er viktig å la seg inspirere av stemninga.





# REFLEKSJON

APRIL - MAI

# REFLEKSJON

APRIL - MAI

MAI

JUNI - - - ->

# ARKITEKT!

## BYGGINGA FORTSETTER

OPNINGSFEST

FORTELJINGA FORTSETTER

## PRODUKSJON

# PRESENTASJON

# STRESS





## ARKITEKTSTUDENTEN

Me har mange moglegheiter som studen-  
tar. Nokre moglegheiter som vert brukt  
litt for sjeldan er dei som fins utan-  
for teiknesalen. Moglegheitar til læring,  
leiing, samarbeid og gjennomføring. Eg  
ville utforske, utfordre og diskutere kva  
arkitektstudentar kan, kva me lærer og  
ikkje.

Eg trur alle arkitektstudentar har godt  
av å prøve seg på eit liknande prosjekt,  
eller ei simulering av det.

Å verte utfordra til å tenke på alt,  
designa ut frå verkelege krav, å forstå  
andre fagfelt og tverrfagleg samarbeid.


## PROSJEKTET

Situasjonen på Stovegolvet er diverre  
ikkje unik og det fins mange liknande  
gløymde bygg som ventar på å verte  
oppdaga.

Eg fann eit lite tårn, eit ubetydeleg bygg  
på ei vakker tomt. Eg sa at det skulle  
bli diplomarbeidet mitt og plutselig var  
det blitt viktig. Plutselig var eit gløymd  
bygg gjenoppdaga og eit lokalsamfunn  
engasjert i å redde det.

Forteljinga til tårnet kunne fortsette med  
meir aktivitet, meir besøk, meir betyd-  
ning.

Og det stoppar ikkje her; tårnet skal leve  
og utvikle seg vidare.





VEGEN VIDARE

Andre byggeperiode vert i juni/juli. Eg håpar å ha opningsfest i august og gjere bygget tilgjengeleg for bruk siste del av sommaren.

Eg håpar bygget vil tiltrekke fleire besøkande. No når det fins ein trygg, spennande turmål for små og store vil kanskje fleire bruke fjellet. Og på dei

dagane det er litt hustrig. Fjellet får vere mest mogleg i fred; det er inne det skjer. Her møter du nyare industrihistorie og akkurat det du treng for å vere komfortabel.



HULA skal innredast med tre der ein skal sitte og opphalde seg. Den skal kunne lukkast med ei dør og bli heilt lun. Dei eksisterande opningane viser terrenget utanfor, kven som kjem og går.

I tillegg til bygget vil eg bygge benkar i terrenget rundt tårnet der det er utsikt og/eller le til ulike tider. Desse skal designast og byggast på staden i

samarbeid med dugnadsdelaktarane. Skjerma i terrenget nedanfor stien vil eg bygge ein utedo med verdas finaste utsikt.

Tårnet skal bli ein viktig stad for dei som bruker fjellet, eit bilde på gjenbruk og eit symbol på tida som går. Og det skal vere ein stad å koke kakao.



VERDAS FINNASTE UTEDO skal stå i terrenget nedanfor tårnet. Utan innsyn og langt frå stien kan du gjere det du treng med uforstyrra utsikt mot fjorden.

UTSIKT

AVFALL



